

ARKITEKT METTE KYED THORSON  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

---

<b>Dato</b>	01.02.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/5145-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Tone Bøyum
<b>E-post</b>	Tone.Boyum@vlfk.no
<b>Telefon</b>	47781807

## Avkøyrslø - Fv. 5456 Festevegen - Gnr. 60 bnr. 52 Langeneset - Alver kommune

Vi viser til søknad av 04.11.2021.

### Saka gjeld:

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 5456 Festevegen til gnr. 60 bnr. 52 i Alver kommune.

Eigedomen er regulert fritidsbustad gjennom reguleringsplan «Langenes» (1985). Avkøyrslø frå fylkesveg er ikkje regulert, men planen har føresegner om at eigedomen skal nytte «Veg 2» til dette føremålet.

### Vedtak:

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 5456 til eigedomen gnr. 60 bnr. 52 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

### Vilkår for løyvet:

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med plankart, vår referanse fv. 5456 S2D1 m6660.
2. Løyvet gjeld fritidsbustad
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslø* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslø frå.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og ÅDT er 250 køyretøy. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4 jf Rammepplan (2020-2024)*. Strekninga er smal og svingete og har eit køyrefelt.

Eigedomen er regulert til fritidsbustad og reguleringsplanen har føresegner om seier kva avkøyrslø som skal nyttast. I avkøyrslø er det vanskeleg å oppnå tilfredsstillande sikt etter skilta fart. Vi vurderer likevel at fartsnivået er tilpassa forholda og at den er vesentleg lågare enn 80 km/t. Målt på kart kan ein oppnå sikt på omlag 62 meter retning høgre i avkøyrslø og tilfredsstillande sikt retning venstre. Vi legg elles til grunn at avkøyrsløforholda vart vurdert då planen vart godkjent og at det vart tatt høgde for tal for einingar innanfor planområdet. Etter ei konkret vurdering av forholda på staden finn vi grunnlag for å gje løyve til utvida bruk av avkøyrslø som omsøkt.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Kari Elster Moen**

senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Tone Bøyum**

senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*